

RÅDSFORORDNING (EF) nr. 434/97**av 3. mars 1997****om endring av forordning (EØF) nr. 2377/90 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse(*)****RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 43,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegnna frå Europaparlamentet⁽²⁾,

med tilvising til fråsegnna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽³⁾ og

ut frå desse synsmåtane:

I medhald av forordning (EØF) nr. 2377/90⁽⁴⁾ skal det gradvis gjerast ei vurdering av stoff som var godkjende for bruk den dagen då forordninga tok til å gjelde, og etter artikkel 14 i forordninga skal frå 1. januar 1997 «tilførsel til dyr bestemt til næringsmiddelproduksjon av veterinærpreparater inneholdende farmakologisk virksomme stoffer som ikke er oppført i vedlegg I, II eller III, være forbudt i Fellesskapet».

For at denne fellesskapsframgangsmåten skal kunne førast vidare på gode vitskaplege vilkår utan å vere til hinder for at veterinærar og andre brukaran har tilgang til stoff som er naudsynte for å verne om dyrehelsa, bør denne fristen lengjast, med ulik lang tid alt etter kva type stoff det dreier seg om, for stoff der det før 1. januar 1996 er levert inn søknad til Kommisjonen eller Det europeiske kontoret for lækjemiddelvurdering om fastsetjing av maksimumsgrenser for restmengder -

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 3. mars 1997.

For Rådet

M. DE BOER

Formann

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT L 67, 7.3.1997, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 48/98 av 29. mai 1998 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF nr. C 381 av 17.12.1996, s. 9.

(2) Fråsegn gjeven 20. februar 1997 (enno ikkje offentleggjord i TEF).

(3) Fråsegn gjeven 27. februar 1997 (enno ikkje offentleggjord i TEF).

(4) TEF nr. L 224 av 18.8.1990, s. 1. Forordninga sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 17/97 (TEF nr. L 5 av 9.1.1997, s. 12).

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:**Artikkkel 1**

I artikkel 14 i forordning (EØF) nr. 2377/90 vert følgjande ledd lagde til:

«For stoffer som det var tillatt å benytte den dag denne forordning trådte i kraft, og for hvilke det før 1. januar 1996 var innlevert søknad til Kommisjonen eller Det europeiske kontor for legemiddelvurdering om fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder, skal imidlertid datoene nevnt i foregående ledd forskyves

- til 1. januar 1998 for derivater av pyrazolidon, nitroimidazoler, arsanilsyre og fenybutazon og
- til 1. januar 2000 for andre stoffer.

Kontoret skal innen 7. juni 1997 offentliggjøre en liste over disse stoffene.»

Artikkkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde den dagen ho vert kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Ho skal nyttast frå 1. januar 1997.